



## Kompetansebehov i arbeidslivet - Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2023/2024

Vi viser til innspel om kompetansebehov for 2022/2023 som får godt fram behova framover. I dette innspelet presenterer vi kompetansebehov som er nye samt utdanningstilbod vi understrekar som særlege viktige for Sogn.

### 1. Kompetansebehov vidaregående opplæring skuleåret:

Demografiutviklinga i Sogn er positiv og bør virke inn på utdanningstilbodet i regionen framover. Det er to programområde som vi spelte inn i fjar som vi trekker fram som særlege viktige:

- Teknologi- og industrifag vg1 bør aukast med ein klasse i Sogn. Vi har over tid sett at mange søker vg1 og det er lange ventelister.
- Sogn har behov for personell innan helse og omsorg frå både vidaregående opplæring (helsefagarbeidar) og høgskuleutdanning (sjukepleiarar) som omtalt under.

Vi ønskjer føreseieleg og breitt fagleg tilbod i regionen. Fleksible modellar med halve grupper i år med låge elevtal, kombinasjonsklasser (vaksne og unge) og digital undervisning er tiltak som bidreg til at utdanningstilbodet kan vidareførast. Sogn har gode erfaringar med kombinasjonsklassar og dei med ungdomsrett som gjer det mogleg å få fulle klassar. I distrikta er slike løysingar viktige for å sikre føreseieleg utdanningstilbod.

Utdanningsprogram	Kort skildring av behovet	Grunnlag for vurdering
Teknologi- og industrifag (TIF)	Sogn har behov for <b>ein vg1 klasse til</b> . Det må vera tilstrekkeleg med elevplassar på vg1 for å kunne rekruttera til vg2. Regionen har fire løp vg2 i tillegg til kryssløp (bygg og anlegg og anleggsteknikk). Når fleire elevar får førstevalet sitt vil det auka sjansen for at dei fullfører. Næringslivet etterspør bilmekanikarar og det må vera nok elevplassar på vg1 for å bidra til at fleire søker vg2 køyretøy og vg3 bilfaget lette køyretøy. Sogn har i dag tre klassar og treng auke til fire klassar på vg1 TIF.	TIF har lange ventelister og næringslivet etterspør kompetansen. Grunna auke i elevtalet bør tilbodet kome frå 2023-2024.
Helsefagarbeidar	Stort behov på kort og lang sikt i vår region grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Kombinasjonsklassar med vaksne og dei med ungdomsrett og samarbeid mellom skulane er gode løysingar som bidreg til å fylle klassar og sikre tilbodet over tid.	Statistikkgrunnlaget frå fylkeskommunen og NAV. Behovsinnmelding frå kommunane.

### 2. Kompetansebehov fagskule:

Det vert vist til førre innspel av 7. mai 2021.

### **3. Kompetansebehov høgskule/universitet:**

Det vert vist til fjarårets innspel om kompetansebehov, jf vedlegg.

Vi vil trekke fram behovet for desentralisert sjukepleiarutdanning. Sjukepleiarmangelen vil auka dramatisk i åra som kjem. Å utvikla eit fleksibelt utdanningstilbodet med meir bruk av samlingsbasert undervisning og nettundervisning er avgjerande for å skaffa nødvendig kompetanse framover. Gjennom eige prosjekt har kommunane i Sogn regionråd arbeidd for at kommunalt tilsette skal byrja på desentralisert sjukepleiarutdanning. Men lang reiseveg til Campus Førde førte til at mange kandidatar ikkje starta på deltidsstudiet. Samstundes er utdanningskapasiteten ikkje utnytta, og det er ledige plassar. Det er stor etterspørsel etter sjukepleiarar over heile landet. Å utdanna eigne kommunalt tilsette er den mest treffsikre ordninga for kompetanseheving. Utdanningssystemet er avgjerande i møtet med denne utfordringa. Vi vil trekke fram VID som tilbyr samlingsbasert og nettbasert deltidsutdanning innan sjukepleie. På dei to faste studiedagane i veka deltek studentane heimefrå eller ved å fysisk møte læringsgruppa i sitt nærområde. 4-8 gonger i året har dei samlingar der studentane blant anna har tilgang på øvingsrom (på vidaregåande skule). Studiet er fireårig og er utvikla i samarbeid med kommunane.

Samarbeidsarenaen gir følgjande nytt innspel:

Informasjonsteknologi bachelor er ei utdanning som private og offentlege verksemder etterspør. I Sogndal kommune er det eit unikt nasjonalt miljø for digitalisering. Det offentlege Noreg blir digitalisert frå Sogndal, og det er eit stort behov for arbeidskraft innan IKT.

<b>Utdanning</b>	<b>Kort skildring av behovet</b>	<b>Grunnlag for vurdering</b>
Sjukepleiarutdanning, desentralisert	Stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får fleire oppgåver og mange sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Meir desentral utdanning med samlingar i Sogndal og nettundervisning vil bidra til at fleire tek studiet.	Kunnskapsgrunnlaget til fylkeskommunen. Behovsinnmelding frå kommunane.
Informasjonsteknologi bachelor	I Sogn er det eit unikt nasjonalt miljø for digitalisering. Det offentlege Noreg blir digitalisert frå Leikanger. Private og offentlege verksemder etterspør IT-kompetanse.	Behovsinnmelding frå private og offentlege verksemder.

Sogndal, 13.5.2022

Med helsing  
for Samarbeidsarena Sogn

Karina Nerland

Vedlegg: Innspel til Kompetanseforum 7. mai 2021